

SULA KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

02.05.2016

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SULA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**tirsdag, 10.05.2015 kl. 15.00 i
kontrollutvalsekretariatet sine lokalar**

SAKLISTE:

- Sak 01/16 - Godkjenning av møtebok frå møte 10. desember 2015
- « 02/16 - Årsmelding 2015 – Sula kommune
- « 03/16 - Kommunerekneskapen 2015 – Sula kommune
- « 04/16 - Selskapskontroll – Sula Bedriftsteneste AS
- « 05/16 - Praktisering av anbodskonkurranser (Til drøfting)
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Ronny Harald Blomvik
leiar
(sign.)

**KONTROLLUVALET I
SULA KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 10.12.2015, kl.14.00

Møtestad: Kontrollutvalsekretariatet sine møtelokalar, Lerstadvegen 545

Møtet vart leia av Ronny Harald Blomvik

Elles til stades:

Sverre Østrem, Inger Øien, Asbjørn Tryggestad og Geir Ove Vegsund

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møte: Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møte: Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Kurt Løvoll.

Frå Sula kommune møte kommunalsjef Jørn Ågersborg i sak 19/15 og 20/15.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

SAK 16/15

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 15. OKTOBER 2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet si møtebok frå møte 16. oktober 2015 blir teken til vitande.

SAK 17/15

**OPPGÅVER FOR KONTROLLUTVALET, OVERSIKT OVER SAKSTYPAR OG
ÅRSHJUL**

Saksdokument datert 01.12.2015 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til vitande.

SAK 18/15

KONTROLLUTVALSBOKA, SPØRRERUNDE OM KONTROLL OG REVISJON

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til vitande.

SAK 19/15

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJON OM BYGGESAKER

Saksdokument datert 01.12.2015 frå kontrollutvalsekretariatet

Teknisk sjef, Jørn Ågersborg orienterte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til vitande.

SAK 20/15

OPPFØLGING VEDKOMANDE TOMT VED KIRKEKRYSSSET

Saksdokument datert 01.12.2015 frå kontrollutvalsekretariatet

Teknisk sjef, Jørn Ågersborg orienterte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet konstaterer at kontrakten ikkje var godt nok spesifisert ved at føremålet med tomta ikkje var med i kontrakten.
2. Kontrollutvalet tek saka til vitande.

SAK 20/15

VEDKOMANDE BUDSJETT 2016 – KONTROLLUTVALET

Saksdokument datert 01.12.2015 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til 70.000 kroner.

SAK 21/15

MØTEPlass OG MØTETIDSPUNKT FOR KONTROLLUTVALET

(Saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtestad blir Lerstadvegen 545, møtedagar blir måndagar og kløkkeslett 14.00.

Ronny Harald Blomvik	Sverre Østrem	Inger Øien	Asbjørn Tryggestad	Geir Ove Vegsund
leiar	nestleiar	medlem	medlem	medlem
(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign.)

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet i
Sula kommune

Dato: 02.05.2016

SAK 02/16
ÅRSMELDING 2015 – SULA KOMMUNE

Som vedlegg følger:

- Årsmelding 2015 – Sula kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2015 for Sula kommune til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sula kommune

Dato: 02.05.2016

**SAK 03/16
KOMMUNEREKNESKAPEN 2015 – SULA KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2015 - Sula kommune
2. Sula kommune - kommunerekneskapen 2015

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor og administrasjonen supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale:

Sula kommune sin rekneskap for 2015 blir godkjent.

Harald Rogne
dagleg leiar

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Vår sakshandsamar:
Mari Ann Yndestad

Vår dato:
15.04.2016
Dykkar dato:

Vår referanse:
Dykkar referanse:

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

Til
Kommunestyret i
Sula kommune

KOMMUNEREKNESKAPEN 2015 – SULA KOMMUNE – MELDING FRÅ REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sula kommune som viser kr 436 234 525,16, til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 14 748 612,59. Årsrekneskapen er sett saman av balanse per 31. desember 2015, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå rimeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon medfører utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, og ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår meining er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår meining er årsrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Sula kommune per 31. desember 2015, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Uttale om andre forhold*Konklusjon om budsjett*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.



Kjetil Bjørnsen
kommunerevisor

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sula kommune

Dato: 02.05.2016

**SAK 04/16
SELSKAPSKONTROLL – SULA BEDRIFTSTENESTER AS**

Som vedlegg følger:

- Rapport frå kommunerevisjonen datert 24.02.2016

Rapporten listar opp bakgrunn for rapporten og litt om selskapskontroll generelt og metode. Vidare inneheld rapporten ein faktadel og ein vurderingsdel og endar opp med tilrådingar.

Tilrådingane er som følger:

- Sula kommune bør vurdere å utarbeide og vedta eigarskapsmeldingar der strategiar og eventuelle krav til rapportering går fram.
- Sula Bedriftsteneste AS bør vurdere å inngå avtalar om styreansvarsforsikringar.
- Sula kommune bør vurdere å be om orientering frå selskapet om korleis mindre innkjøp bli handtert i samsvar med regelverket.
- Det bør vurderast å greie ut om offentleglova gjeld for Sula Bedriftsteneste AS.
- Sula Bedriftsteneste AS bør vurdere å gjennomføre ei risikoevaluering av verksemda med omsyn til mislegheiter.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

innstilling:

Kommunestyret ber rådmannen og leiinga i Sula Bedriftsteneste AS å starte eit arbeid med å iverksette dei tilrådingane som går fram av kulepunkta ovanfor.

Harald Rogne
dagleg leiar

Selskapskontroll i Sula kommune

Selskapskontroll

Sula Bedriftsteneste as

Februar 2016

Innhald

1. Innleiing.....	1
1.1 Bakgrunn.....	1
1.2 Kort om metode.....	1
2. Fakta	3
2.1 Innleiing.....	3
2.2 Nærare om diverse forhold i selskapet	3
2.2.1 Eigarskapsforhold	3
2.2.2 Avtalemessige forhold	4
2.2.3 Forpliktingar i høve offentlege instansar	4
2.2.4 Juridiske forhold	4
2.2.5 Organisasjon	5
2.2.6 Miljø	5
2.2.7 Framtidsutsikter	6
2.2.8 Selskapet si økonomiske utvikling	7
2.2.9 Tilbakemelding frå selskapet sin revisor.....	7
3. Vurderingar.....	8
4. Tilrådingar	11
5. Vedlegg.....	12

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

03.12.2012 vedtok Sula kontrollutval innstilling til kommunestyret til Plan for selskapskontroll. Det ligg ikkje føre protokoll frå Sula kommunestyre som syner at denne planen er vedteken. Punkt 1 i innstillinga frå kontrollutvalet var å gjennomføre eigarkontroll i Sula Bedriftsteneste as.

I kontrollutvalsmøte 17.03.2015 vedtok kontrollutvalet etter kommunerevisjonen si vurdering at selskapskontroll i Sula Bedriftsteneste as skulle gjennomførast. Dette vart ikkje protokollert som eige vedtak, men teke opp att i møte 15.10.2015.

I denne selskapskontrollen er hovudføremålet å vurdere eigarane si oppfølging av eigarskapet i Sula Bedriftsteneste as etter dei rammer kommunelova og kontrollutvalsforskrifta set. Kontrollen tek sikte på å svare på følgjande hovudproblemstillingar:

1. Fører Sula kommune kontroll med sine eigarinteresser i Sula Bedriftsteneste as?
 - Har Sula kommune etablert rutinar for oppfølging og evaluering av sine eigarinteresser i Sula Bedriftsteneste as?
 - Er rutinane gode nok, og blir dei følgt?
2. Blir eigarinteressene til Sula kommune utøvd i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, aktuelle lovreglar og etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing?

1.2 Kort om metode

Denne selskapskontrollen er gjort i samsvar med kommunelova sine reglar om gjennomføring av selskapskontroll i §§ 77 og 80, samt forskrift om kontrollutval §§ 13 og 14.

Ein eigarskapskontroll har i utgangspunktet ei brei tilnærming og søker å fange opp flest moglege problemstillingar i høve eigarskapsoppfølginga. Utover dette vil ein slik kontroll ikkje gå detaljert inn på einskilde tema, men heller eventuelt identifisere problemstillingar som seinare kan bli gjenstand for ytterlegare undersøkingar.

Selskapskontrollen er ei vurdering av om verksemda blir styrt i tråd med eigarane sitt formål. Dette inneberer at kontrollen er avgrensa til ei vurdering av om Sula kommune har etablert tilfredsstillande rammer for styring, og at verksemda faktisk opererer i tråd med formålet. Ei materiell vurdering av selskapet si organisering, drift og funksjon kjem difor utanfor ein slik

kontroll.

Rapporten byggjer på informasjon frå eigar (generalforsamling=ordførar), styret og administrasjonen samt opne kjelder, m.a. føretaksregisteret, www.purehelp.no, www.proff.no, mv.

Samla dokumentasjon om selskapet motteke frå eigar, styret og daglig leder går fram av dokumentliste i vedlegg 1.

Som det går fram av rapporten vil det enkelte stader bli presentert informasjon om selskapet, styret og administrasjon med detaljnivå som kanskje går ut over informasjon om rein eigarstyring. Når dette likevel blir presentert er det som bidrag til eit heilskapsbilete som igjen er av sentral verdi for vurdering av eigarstyringa i selskapet, og om denne fungerer i praksis.

Innsamling av informasjon og vurdering i denne kontrollen er i hovudsak gjort med utgangspunkt i følgjande kjelder/kontrollkriterier:

- Lov og forskrift
- Selskapet sine vedtekter
- KS sine tilrådingar for eigarstyring, selskapsleiing og kontroll

Dersom Sula kommune hadde vedteke eigarskapsmeldingar ville det også vore ei naturleg kjelde/kontrollkriterium.

Vår samla vurdering er at metodebruk og kjeldetilfang i denne selskapskontrollen har gitt eit tilstrekkeleg grunnlag til å gjennomføre kontrollen i tråd med dei problemstillingar kontrollutvalet har lagt opp til.

2. Fakta

2.1 Innleiing

Sula Bedriftsteneste as er stifta i 1993. Føremålet med selskapet er:

Skape varige arbeidsplassar tilpassa yrkeshemma som ikkje utan vidare kan gjere seg nytte av andre arbeidstilbod. Grunnlaget for sysselsettinga skal vere å framstille varer og tenester for den ordinære marknaden. Sysselsettinga skal hjelpe til med å kvalifisere og utvikle ressursar hos dei yrkeshemma. Selskapet skal også arbeide for at dei tilsette kan få yrkesmessig attføring til anna ordinært arbeid.

Sula Bedriftsteneste AS har 26 arbeidsplassar i såkalla Varig Tilrettelagt Arbeid (VTA) og 4 plassar i Arbeidspraksis i Skjerma Verksemd (APS). Ved utgangen av 2014 var det totalt 47 tilsette i selskapet.

Bedrifta har 4 avdelingar:

- Vaskeri
- Sy og Seil
- Maritim Produksjon
- Miljø og Brensel

I 2014 vart det gjennomført 9 styremøter, og det vart handsama 51 saker i styret.

Selskapet er ISO 9001 – sertifisert, dvs at kvalitetsstyringssystemet er sertifisert etter standard for god kvalitetsstyring og funnen å vere i tråd med denne.

Sula bedriftsteneste har eiga heimeside:

<http://www.sula.as/>

2.2 Nærare om diverse forhold i selskapet

2.2.1 Eigarskapsforhold

Sula Bedriftsteneste as er 100% eigd av Sula kommune. Aksjekapitalen er kr 450.000,-.

Styret i selskapet blir valt av generalforsamlinga. Generalforsamling er ordførar i Sula kommune.

Sula kommune har ikkje vedteke eigarskapsmelding. Det er heller ikkje vedteken nokon eigen «synleg» eigarskapsstrategi for selskapet.

Styreleiar/dagleg leiar møter ein gong i året i formannskapet. Kopi av innkalling og referat frå styremøter går til ordførar. Årsrapport og innkalling til generalforsamling blir handsama i formannskapet før generalforsamling. Ordførar har ofte vore innom bedrifta utanom faste møtepunkt.

Styret sitt arbeid blir ikkje formelt vurdert. Iflgj. ordførar er styret no sett saman av «profesjonaliserte» styremedlemmar mot tidlegare at det var politikarar som sat i styret.

2.2.2 Avtalemessige forhold

Styret og dagleg leiar stadfester at regelverk om offentlege anskaffingar blir følgt. Ved historisk søk på Doffin har vi funne at eit innkjøp har vore lagt ut på anbod der. Det var «Nytt vaskeri» i 2009.

Selskapet brukar Venø forsikringsmekling, og forsikringane blir vurderte kvart år. Det er ikkje gjort avtale om styreansvarsforsikring.

Gjelda til selskapet er i Kommunalbanken med kommunal garanti.

2.2.3 Forplikingar i høve offentlege instansar

Årsrekneskap er levert i tide, og vi er ikkje kjende med at det er uoppgjorte krav (mva., skatt eller liknande).

2.2.4 Juridiske forhold

Dagleg leiar stadfester at det ikkje er eller har vore tvistar for domstolane. Det er heller ikkje pågåande konflikter med samarbeidspartnarar eller tilsette.

Ved spørsmål om offentleglova blir følgt svarar styret at dette ikkje er aktuell problemstilling.

Verksemda er underlagt retningsliner frå NAV. I forskrift om arbeidsretta tiltak mv. går det i kapittel 10 om varig tilrettelagt arbeid m.a. fram:

§ 10-3 Krav til virksomheten

Virksomheten hvor tiltaket gjennomføres skal være organisert som aksjeselskap med kommunal/fylkeskommunal aksjemajoritet. Arbeids- og velferdsetaten kan godta annen organisering dersom det anses hensiktsmessig ut fra hensynet til gjennomføringen av tiltaket i det enkelte tilfellet.

For å bli godkjent som tiltaksarrangør for varig tilrettelagt arbeid må virksomheten i tillegg oppfylle følgende krav:

- 1) Attføring skal være tiltaksarrangørens primære virksomhet.
- 2) Overskudd skal forbli i virksomheten og komme attføringsarbeidet og deltakerne til gode.
- 3) Det skal ikke utbetales utbytte.
- 4) En arbeidsmarkedsbedrift kan ikke eie eller kontrollere annen forretningsvirksomhet. Begrensningen gjelder ikke etablering og drift av salgsvirksomhet for å fremme omsetning av bedriftens produkter.
- 5) Tiltaksplasser innenfor kvalifisering i arbeidsmarkedsbedrift skal minst utgjøre 50 prosent av samlet antall plasser innenfor kvalifisering i arbeidsmarkedsbedrift og tilrettelagt arbeid i arbeidsmarkedsbedrift. Arbeids- og velferdsetaten kan gi dispensasjon fra dette kravet dersom det i en avgrenset periode ikke er mulig å oppfylle det.

Det går vidare fram i § 10-4, andre ledd:

Dersom en bedrift er arrangør av andre arbeidsrettede tiltak skal økonomioppfølging, kvalitets- og resultatkrav spesifiseres for det enkelte tiltak eller den enkelte tilskuddsordning. Tiltakene skal organiseres slik at faglige og økonomiske krav oppfylles. Subsidiert skal ikke forekomme på tvers av de enkelte tiltakene eller fra attføringsvirksomheten til annen virksomhet, eksempelvis forretningsdrift.

2.2.5 Organisasjon

Det er oppretta ei bonusordning for dei yrkeshemma i tillegg til uføretrygd < 1G¹. Bonus blir gjeve dersom bedrifta gjer det bra, og den blir gjeve etter tal på arbeidstimer. Det er ikkje bonus til leing eller andre tilsette.

Sjukefråveret er ikkje høgt samanlikna med tilsvarande bedrifter.

Dagleg leiar opplyser at det ikkje har vore arbeidsulukker i verksemda.

Både dagleg leiar og styret stadfester at regelverk om HMS blir følgt.

I spørsmål om det er gjort ei risikoevaluering av verksemda med omsyn til mislegheiter, svarte styret: «ikkje aktuelt».

2.2.6 Miljø

Dagleg leiar stadfestar at det blir drive forureinande verksemd i vaskeriet. Dette blir handtert ved at det er krav om at utslepp skal vere ph-nøytralt og det blir teke prøver av vatn. Det er blir nytta såkalla «datablod» (inneheld informasjon om farlege eigenskapar ved eit kjemikalie og tilrådde vernetiltak) i arbeidet.

Vidare er det slik at det er eigen lukka tank for vaskehallen.

¹ G=Grunnbeløpet (G) i folketrygden er per 1. mai 2015 kr 90 068

2.2.7 Framtidsutsikter

Dagleg leiar nemnar at avtale med NAV og produksjonsavtaler med store bedrifter er sentrale faktorar for vidare drift.

Vidare er bedrifta merksam på at ein ikkje har oversyn over kva som skjer i NAV-systemet og som kan ha verknader på selskapet si drift.

Det er iflg. generalforsamling/ordførar ikkje utarbeidd risikoprofil for drift av Sula Bedriftsteneste as.

2.2.8 Selskapet si økonomiske utvikling

Nøkkeltall:	2014	2013	2012
Resultatrekneskap:			
Driftsinntekter	15 684 000	14 396 000	16 117 000
Driftsresultat	525 000	421 000	2 771 000
Årsresultat	120 000	-43 000	2 415 000
Resultatgrad %	3,35%	2,92%	17,19%
Balanserekneskap:			
Sum egedeler	19 758 000	19 763 000	20 731 000
Eigenkapital	5 046 000	4 925 000	4 968 000
Sum gjeld	14 712 000	14 837 000	15 763 000
Nøkkeltal			
Likviditetsgrad	1,97	1,41	1,90
Eigenkapitalprosent	25,5%	24,9%	24%
Gjeldsgrad	2,92	3,01	3,17
Total rentabilitet %	2,7%	2,2%	13,5%

2.2.9 Tilbakemelding frå selskapet sin revisor

Kommunerevisjonen sendte førespurnad til selskapet sin revisor 19.10.15, der vi bad om å få sendt over eventuelle nummererte brev, informasjon om eventuell rådgjeving og om det var andre opplysningar som kunne vere av interesse for vår kontroll.

Vi fekk svar frå revisor 26.10.15. Det gjekk der fram at det berre var mindre oppdrag utanom ordinær revisjon og at det ikkje har blitt sendt nummererte brev til selskapet sidan 2009.

3. Vurderingar

Vurderingane under følgjer den same inndelinga som i kapittel 2 om fakta.

Det er etablert rutinar for oppfølging av Sula Bedriftsteneste as mellom anna ved at:

- Styreleiar/dagleg leiar møter ein gong i året i formannskapet.
- Kopi av innkalling og referat frå styremøter går til ordførar.
- Årsrapport og innkalling til generalforsamling blir handsama i formannskapet før generalforsamling.
- Ordførar har ofte vore innom bedrifta utanom faste møtepunkt.

Vi er usikre på om dette er tilstrekkelig, og vi finn ikkje rutinane skriftleggjort.

Det er etter vår vurdering uheldig at det ikkje er utarbeidd eigarskapsmeldingar i Sula kommune. Etter KS sine tilrådingar om eigarskap mv. skal ei slik melding primært omhandle selskap der kommunen er heil- eller deleigar, men bør og reflektere styring av interkommunale samarbeid.

Den bør minimum innehalde følgjande hovudpunkt:

- Oversyn over kommunen si verksemd som er lagt i selskap og samarbeid.
- Politisk styringsgrunnlag gjennom kommunen sine prinsipp for eigarstyring.
- Juridisk styringsgrunnlag knytt til dei ulike selskaps- og samarbeidsformene.
- Formålsdiskusjon og selskapsstrategi knytt til dei ulike selskapa, m.a. styringsdokument.
- Selskapa sitt samfunnsansvar knytt til miljø, likestilling, openheit, etikk mv.

Selskapet ser etter vår vurdering ut til å ha god kontroll på forsikringsavtaler, men har likevel ikkje styreansvarsforsikring. Dette kan vere verdt å vurdere då styremedlemmar i eit aksjeselskap har eit personleg ansvar for konsekvensar av vedtak eller manglande vedtak i styret.

Det blir stadfesta av selskapet at Sula Bedriftsteneste as følgjer regelverk om offentlege anskaffingar. Det er historisk berre ei kontrakt vi har funne som er lagt ut på Doffin. Vi har ikkje oversyn over korleis regelverket blir følgt på mindre innkjøp, men utgangspunktet er at det så langt som mulig skal vere konkurranse på innkjøp.

Styret opplyser om at offentleglova ikkje er relevant for selskapet. I utgangspunktet gjeld offentleglova sjølvstendige rettssubjekt der stat,

fylkeskommune eller kommune direkte eller indirekte har ein eigardel som gir meir enn halvparten av stemmene i det øvste organet i rettssubjektet. I utgangspunktet er difor Sula Bedriftsteneste as omfatta av lova.

Det er unntak frå dette i offl. § 2 andre ledd:

«bokstavane c og d gjeld ikkje rettssubjekt som hovudsakleg driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private»

Når det gjeld vurdering av om selskapet driv på same vilkår som konkurrentane, går det i Justisdepartementet sin rettleiar side 19 -20 fram:

«Sjølv om ei verksemd er utsett for direkte konkurranse, vil ikkje dette føre til at lova ikkje gjeld for verksemda dersom ho ikkje driv på same vilkår som konkurrentane. Dette inneber at lova vil gjelde for rettssubjekt som er utsette for konkurranse, dersom rettssubjekta har føremoner framfor sine private konkurrentar, til dømes i form av subsidiar eller liknande tilhøve. Vilkåret er i røynda berre ei presisering av konkurransevilkåret, fordi det ikkje vil vere nokon verkeleg konkurranse mellom aktørar som ikkje driv på same vilkår. Synspunktet om at berre konkurranse frå verksemdar som driv på same vilkår er relevant, må likevel forståast slik at det må takast omsyn til konkurranse frå private verksemdar som har betre vilkår enn eit rettssubjekt som oppfyller vilkåra i § 2 fyrste ledd bokstav c eller d.»

I vedtektene til selskapet går det vidare fram at det ikkje er høve til å ta ut utbytte.

I tillegg kan det nemnast at kommunane ikkje har høve til å gi garantiar for næringsverksemd. Sula kommune har stilt garanti for lån i Kommunalbanken, noko som gir verksemda andre rentevilkår enn eventuelle konkurrentar.

Mykje kan difor tyde på at offentleglova er relevant for selskapet. Det kan då vere verdt å merke seg forskrift til offentleglova § 1, tredje ledd:

§ 1. Unntak frå verkeområdeet til offentleglova

Offentleglova gjeld ikkje for desse dokumenta hos sjølvstendige rettssubjekt:

c) dokument hos arbeidsmarknadsføretak godkjent av Arbeids- og velferdsetaten (NAV) som gjeld enkeltpersonar som får bistand får føretaket

Styret i selskapet skriv at risikoevaluering i høve mislegheiter er vurdert til ikkje å vere aktuelt. Definisjonen på mislegheit²:

«en bevisst handling, begått av en eller flere personer innen ledelsen, av personer som har overordnet ansvar for styring og kontroll, av ansatte eller av

² Riksrevisjonen si oversetting av internasjonal revisjonsstandard ISSAI 1240

andre, som innebærer uredelighet for å oppnå en urettmessig eller ulovlig fordel.”

Dette kan til dømes vere underslag, utroskap, korrupsjon, bedrageri eller tjuveri.

Hovudansvaret for å førebyggje og avdekke mislegheiter ligg både hos dei som har overordna ansvar for styring og kontroll i verksemda, og hos leiinga. Kommunerevisjonen har den oppfatning at selskapet bør vurdere å gjennomføre ei slik risikoevaluering.

Når det gjeld vurdering om selskapet har ei effektiv og økonomisk forsvarleg drift er det vår generelle vurdering at selskapet ser ut til å ha god kontroll. Økonomien i selskapet ser etter vår vurdering god ut. Både likviditeten og soliditeten er tilfredstillande slik vi vurderer det. Vi viser elles til tilrådingar i neste kapittel.

Dei opplysningane vi har tilseier at avgjerder blir fatta i rette organ, og at styret og generalforsamlinga er godt involvert. Det ser ut til å ha vore eit godt samarbeid mellom dagleg leiar, styret/styreleiar og generalforsamling (ordførar).

Vedtektene i selskapet er relativt enkle, og vi har ikkje funne at selskapet ikkje blir styrt i samsvar med desse.

4. Tilrådingar

Ut frå diskusjonen i førre avsnitt vil vi gi følgjande tilrådingar:

- Sula kommune bør vurdere å utarbeide og vedta eigarskapsmeldingar der strategiar og eventuelle krav til rapportering går fram.
- Sula Bedriftstenesta as bør vurdere å inngå avtalar om styreansvarsforsikringar.
- Sula kommune bør vurdere å be om orientering frå selskapet om korleis mindre innkjøp blir handtert i samsvar med regelverket.
- Det bør vurderast å greie ut om offentleglova gjeld for Sula Bedriftsteneste as.
- Sula Bedriftsteneste as bør vurdere å gjennomføre ei risikoevaluering av verksemda med omsyn til mislegheiter.

5. Vedlegg

Vedlegg 1 – Dokumentliste (oversyn over mottatt informasjon og relevante kjelder)

- Svar på spørjeskjema dagleg leiar
- Eigenerklæring styret
- Referat/eigenerklæring generalforsamling/ordfører
- Vedtekter for Sula Bedriftsteneste as
- Rekneskap Purehelp.no
- Årsrekneskap og noter frå Brønnøysund
- KS – Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll
- Prosjektskisse
- Plan for selskapskontroll

Vedlegg 2 – Høyrings svar frå selskapet og eigarane

Rådmannen hadde følgjande kommentar til rapporten:

Eg synest at rapporten er oversiktleg, god og konstruktiv.

Synest til dømes at diskusjonen om offentleglova, og tilrådinga om eigarskapsmelding er gode innspill.

Styret i selskapet har følgjande innspel:

Vi ser både positive og mindre positive trekk ved en slik rapport.

Det positivt at våre eiere presenterer en strategi for sitt eierskap. Vår virksomhet har selvsagt utviklet og konkretisert sine visjoner og strategiske mål og disse er stadig til evaluering. Vi har forventninger til at våre overordnede mål kan forankres i en eierstrategi .

Vi er klar noen av de foreslåtte tiltakene, slik som rapportering til kommunen og innkjøp i henhold til lov om mindre anskaffelser, kan medføre en ekstra administrativ belastning. Administrasjonen ved virksomheten er nøkternt bemannet og vi har ikke økonomisk handlingsrom til å gjøre noe med dette på kort sikt. Men dersom det konkluderes med at dette må gjøres må selvsagt forholde oss til det.

Risikoevaluering ved mislighold er en grei oppgave for oss. Vi har gode rutiner for kvalitetssikring og er kjent med denne typen oppgaver.

En styreansvarforsikring må vi vurdere nærmere når kostnaden for dette er kjent.

Vi har merket oss at regjeringen vil introdusere et nytt samlet og forenklet regelverk for offentlige anskaffelser i løpet av våren 2016. (Det

kan sikkert være på sin plass, siden den nåværende veilederen er på 267 sider.) Vi kunne tenke oss å avvente eventuelle tiltak på dette området inntil det forenklete regelverket er på plass.

KOMREV3 IKS
KOMMUNEREVISJONEN **3**

KOMREV3 IKS er eit interkommunalt revisjonsselskap, etablert 01.01.1994. Selskapet har ansvar for revisjon av kommunane Giske, Haram, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.

Selskapet leverer tenester som finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og rådgiving. Det blir rapportert til den enkelte kommune sitt kontrollutval og kommunestyre/bystyre.

Hovudkontor for selskapet er Lerstadvegen 545 i Ålesund kommune.

KOMREV3 IKS
Postboks 7734 Spjelkavik
6022 ÅLESUND
Tlf. 70172150 – E-post: komrev3@komrev3.no
Org.nr. 971562587